

Vedlegg 4a

Statsbudsjettet 2012 - Krav til innhald i skildrande rapportering frå fylkeskommunane om bruk, resultat og måloppnåing av verkemidla frå KRD over kap. 551, postane 60 og 61

Sist revidert desember 2012

Kommunal- og regionaldepartementet ber om at fylkeskommunane sender ein rapport på inntil fem sider.

Vi oppmodar fylkeskommunane til å samarbeide om rapporteringa i fylkesoverskridande satsingar.

Rapporten skal innehalde:

a. Omtale av bruken av verkemidla frå KRD i høve til utfordringar, mål og strategiar for utvikling i fylket

Omtale av samanhengen mellom utfordringar, mål og strategiar i fylket og hovudprioriteringane i budsjettåret. Samanhengene mellom utfordringar, mål og strategiar er gjerne nedfelte i planverket til fylkeskommunen. Hovudprioriteringane kjem òg fram i talrapporteringa frå fylkeskommunane til KRD.

Fylkeskommunen skal i denne samanhengen vurdere om følgjande problemstillingar er relevante å omtale:

- Særskilde målgrupper (kvinner, unge, innvandrarar)
- Utvikling i partnerskapsarbeidet knytt til prioriteringar av midlar over kap. 551, postane 60 og 61

Fylkeskommunane skal og oppgi korleis dei regionale måla ligg innanfor dei overordna nasjonale måla.

b. Omtale av korleis mål og konkrete resultat er nådde ved dei regionale utviklingsmidlane

- *Måloppnåing.* Fylkeskommunane skal vurdere i kva grad måla i fylkesplanen/regionale planer, som dei regionale utviklingsmidlane skulle medverke til, er eller vert nådde. Fylkeskommunen må sjå måloppnåinga opp imot kvar i planperioden ein er og talet på pågåande og avslutta prosjekt. Der satsingar går over fleire år kan det vere relevant å rapportere i forhold til delmål.

Dette inneber også ei vurdering av måloppnåing av verkemidla over kap. 551, postane 60 og 61 forvalta av nasjonale aktørar.

- *Konkrete resultat.* Fylkeskommunane skal rapportere på konkrete resultat frå prosjektporteføljar eller satsingsområde (samankopla nivå) under dei einskilte måla. Det tyder at fylkeskommunane skal omtale kva som faktisk er oppnådd med midlane frå avslutta eller langt framskridne prosjekt og satsingar.

Konkrete resultat av verkemiddel forvalta av nasjonale aktørar vert rapportert direkte til departementet.

- *Evalueringar.* Ein kort omtale av planlagde, pågåande eller avslutta evalueringar som omhandlar verkemiddelbruken over postane 60 og 61.

c. Rapportering om internkontroll og revisjon.

Har fylkesrevisjonen hatt vesentlege merknader/funn i høve til verkemiddelbruken over postane 60 og 61? Kva er innhaldet i merknaden og korleis vert merknadene følgde opp?